



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Olav Svangstu - 57655828

Vår referanse:
2014/105562-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.10.2014

Anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2016

Vi viser til e-post frå fylkeskommunen av 28. august 2014.

Statens vegvesen er ein stor brukar av fly med utgangspunkt i Sogndal. Det gjeld reiser til og frå Oslo, men ikkje minst til Bergen, sidan regionvegkontoret for Region vest – som har ansvaret for fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane – ligg i Leikanger.

Sjølv om det alltid går an ønskje seg fleire avgangar, er sambandet til Oslo relativt godt. Det er mogeleg å komme seg til Oslo tidleg om morgonen, og tilreisande til regionvegkontoret kan komme tidleg til møte hjå oss. På ettermiddagen er det retur frå Oslo i firetida. Vi kunne ønskje at denne avgangen var noko seinare og at den gjekk direkte Oslo – Sogndal. Dei to avgangane til Oslo og den eine frå Oslo om kvelden, vert også mykje nytta. Det mest kritiske i høve til Oslo, er først og fremst om det vert kansellering på morgonflyet.

Den tidlege avgangen til Bergen er svært viktig for oss for å komme fram til møte tidleg på føremiddagen i regionen. Det må ikkje gjerast endringar som fører til problem i så måte. Der i mot er vi ikkje nøgde med at første flyet frå Bergen kjem så seint. Det hadde vore ønskjeleg med ein tidleg avgang frå Bergen, helst med korrespondanse frå Stavanger. Elles saknar vi sterkt ein tidlegare avgang frå Bergen om ettermiddagen i tillegg til den om kvelden.

Statens vegvesen har også kontor i Førde og brukar fly ein god del i samband med det. Viktigast i så måte er Oslo. Når avgangane til Bergen vert nytta i mindre grad, heng det for ein stor del saman med at avgangstida til Bergen om morgonen er ulagleg. Her burde det vore ein tidlegare avgang. Statens vegvesen vil få ei monaleg ulempe om sambandet mellom Førde og Bergen vert redusert eller teke bort.

Styring- og strategistab
Med helsing

Olav Svangstu
avdelingsdirektør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52